

Kom og ver med på plastrydding.

23.04.2018



Bilete syner strandrydding i fjar langs landet frå Beinavikjo mot Ljosnes.

**Uskedal uvikling oppmodar alle om å ta del i plast- og bosrydding. Det kan gjerast så enkelt at alle ryddar sine private område og felles areal i nærmiljøet. Alt i morgen startar den første delen av strandryddinga. Seinare kjem Elveeigarlaget på banen med rydding av plast langs elva. På årsmøte vart det sett av kr. 10.000,- på budsjettet til dette føremålet.**

Audun Eik fortel til Uskedalen.no at han i samarbeid med SIM gjennomfører strandrydding i morgen, tysdag. Jenter og gutter fra Norway Cup laget vert vert med. Det er ein betalt dugnad der inntekta pr. sekk går til fotballaget. All plast og bos vert levert på SIM, Husnes.

I fjar gjennomførte Kristian Bringdal og Audun Eik strandrydding rundt Holmen og slangs stranda frå Beinavikjo til Ljosnes. I år vil ein særleg samla seg om arealet på søre delen av Snilstveitøy. Lerøygruppen ved Jonny Hansen gjorde ein flott innsamlingsjobb rundt Skorpo i fjar. Selskapet har på sine heimesider kunngjort at dei vil gjera det same i år om det er behov for det.

Ei oppsummering til slutt:

- Alle samlar plast og bos på privat grunn og i sitt nærområde
- Alle grunneigarar som eig til elva, vert oppmoda om å rydda sine areal
- Velförningane i Halsabrotet, Skårhaug og Korsneset organiserer rydding i sine bustadfelt
- Dei som driv næring, ryddar sine område
- Skulen/barnehagen i samareid med SPAR ryddar sentrum
- Kommunen ryddar det som ligg av søppel på Børneskaien

**Det siste og nye er plogging der du ryddar mens du joggar. Det er faktisk registrert to ploggarar rundt dalen i dag.**

Uskedalen.no føl opp gode tiltak med plastinnsamling og dermed mindre mikroplast i naturen og i havet.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Frå den årlege plast- og bosryddinga på Snilstveitøy og Skorpo.